



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
69/21	Tenesteutval for forvaltning og utvikling	31.05.2021

Nedklassifisering av kommunale vegar- høyring

Samandrag:

Saka omhandlar forslag til nedklassifisering av vegar frå kommunal drift til privat drift.

Det er tidlegare orientert om retningsliner kring kommunale vegar i TFU og administrasjonen fekk i oppgåve å kome attende med ei oversikt over kva for vegar som vert tilrådd omklassifisert til privat veg. Målsettinga er å redusere mengda av kommunale vegar og med dette redusere driftskostnadene på vegbudsjettet.

Tenesteutval for forvaltning og utvikling 31.05.2021:

Behandling:

Tillegg til vedtak, foreslått av Hans Peter Eidseflot, Senterpartiet

Tillegg til vedtak:

2. I TFU ber administrasjonen sjå til at alle kjende grunneigarar langs dei aktuelle vegane vert varsla om høyringa, så langt råd er.
3. TFU ber administrasjonen parallelt med høyringa vurdere / avklare:
 1. ei alternativ ordning til nedklassifisering som inneber at det ikkje vert etablert brøyteberedskap eller utført vinterbrøyting på kommunale vegar som fører til eigedomar utan fast busetnad
 2. konsekvensar i høve til snuplassar der kommunal veg sluttar
 3. dei generelle tilhøva knytt til kven som skal overta ansvaret for dei vegane der det vert gjort vedtak om nedklassifisering
 4. generelt kva konsekvensar eit vedtak om nedklassifisering kan få i høve til at fråflytte eigedomar på ny kan få fast busetnad

Røysting (7 røysteføre):

Hans Peter Eidseflot (SP) kom med følgjande framlegg til tilleggspunkt:

Tillegg til vedtak:

2. *Tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU) ber administrasjonen sjå til at alle kjende grunneigarar langs dei aktuelle vegane vert varsla om høyringa, så langt råd er.*
3. *Tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU) ber administrasjonen parallelt med høyringa vurdere / avklare:*
 - a. *ei alternativ ordning til nedklassifisering som inneber at det ikkje vert etablert*

brøyteberedskap eller utført vinterbrøyting på kommunale vegar som fører til eigedomar utan fast busetnad

b. konsekvensar i høve til snuplassar der kommunal veg sluttar

c. dei generelle tilhøva knytt til kven som skal overta ansvaret for dei vegane der det vert gjort vedtak om nedklassifisering

d. generelt kva konsekvensar eit vedtak om nedklassifisering kan få i høve til at fråflytte eigedomar på ny kan få fast busetnad

Framlegget frå Eidseflot vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

TFU- 69/21 Vedtak:

Kommunedirektøren si tilråding med tillegg frå Eidseflot:

1. Tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU) legg forslag til nedklassifisering av kommunale vegar ut på høyring slik det går fram av saka og som vist i vedlegg til saka.

2. Tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU) ber administrasjonen sjå til at alle kjende grunneigarar langs dei aktuelle vegane vert varsla om høyringa, så langt råd er.

3. Tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU) ber administrasjonen parallelt med høyringa vurdere / avklare:

a. ei alternativ ordning til nedklassifisering som inneber at det ikkje vert etablert brøyteberedskap eller utført vinterbrøyting på kommunale vegar som fører til eigedomar utan fast busetnad

b. konsekvensar i høve til snuplassar der kommunal veg sluttar

c. dei generelle tilhøva knytt til kven som skal overta ansvaret for dei vegane der det vert gjort vedtak om nedklassifisering

d. generelt kva konsekvensar eit vedtak om nedklassifisering kan få i høve til at fråflytte eigedomar på ny kan få fast busetnad

Kommunedirektøren si tilråding:

TFU legg forslag til nedklassifisering av kommunale vegar ut på høyring slik det går fram av saka og som vist i vedlegg til saka.

Vedlegg:

Tidlegare vedtekne retningslinjer for kommunalt vegnett i Volda kommune
Oppdaterte retningslinjer for kommunalt vegnett
Kart som syner dei einskilde vegane
Oversikt over moglege vegar for privatisering
Kart - KV10040 - Vollen

Saksopplysningar:

I TFU OS sak 08/20 vart det orientert om retningslinjer kring kommunale vegar og administrasjonen fekk i oppgåve å kome attende med ei oversikt over kva for vegar som vert tilrådd omklassifisert til privat veg. Målsettinga er å redusere mengda av kommunale vegar og med dette redusere driftskostnadene på vegbudsjettet.

Før møte i TFU i 2020 har kommunestyre handsama ei tilsvarande sak i 2014 som står seg relativt godt også i dag med nokre endringar. Eit sentralt punkt for vedtak og gjennomføring av saka den gong, var likehandsaming av innbyggjarane. Vidare var reduserte driftskostnader ein viktig motivasjon for saka.

Det er lagt politiske føringar for å redusere vegvedlikehaldet og eit av tiltaka i KS-analyse var å sjå på reduksjon av antal meter veg som ein hadde vedlikehald på. Vegbudsjettet er redusert med 1 million kroner i 2020, men ein har ikkje teke grep for å redusere antal meter veg med kommunalt vedlikehald.

Sett i lys av redusert driftsbudsjett på veg siste åra, endra busettingsmønster, ny kommune med fleire vegar som vert ulikt prioritert, ser ein det som fornuftig å ta ein gjennomgang og ny vurdering av dagens kommunale vegnett og mogleg redusere mengda av vegar som i dag er kommunale.

Etter veglova sin §7, har kommunen mynde til sjølv å vedta nedlegging (privatisering) av offentleg veg.

Adminstrasjonen har teke utgangspunkt i vedtaket frå 2014 og deretter kartlagt aktuelle vegparsellar som bør vurderast omklassifiserast.

Ein har lagt vekt på vegar –

- til fråflytta gardsbruk
- som fører til hytteområde med sterkt privatisert område
- der det er alternativ tilkomstveg

Frå vedtaket i 2014 rår administrasjonen til følgjande endringar i retningslinjene:

- Punkt 3: går ut i si heilheit.
- Punkt 4, kulepunkt 1: Kan imøtekomast når der er reguleringsplan, utbyggingsavtale, vegen løyser ut minimum 10 bustader og er ei lenging av eksisterande kommunalt vegnett.
- Punkt 4, kulepunkt 2: kan imøtekomast for eksisterande tomtefelt med min. 10 bustadtomter når det er bygt med kommunal standard, 8 tonn aksellast, fast dekke, snuplass for lastebil, veglys, heftfritt skøyte på veggrunn og er ei lenging av eksisterande kommunalt vegnett.
 - Punkt 5: Endrast frå vedtak i kommunestyret, til vedtaksmynde i TFU.

Gamle retningslinjer og forslag til nye retningslinjer ligg vedlagt.

Følgjande vegar vert føreslått omklassifisert frå kommunal til privat veg:

1. Vegar til hus/bruk der det ikkje bur folk lenger, samt vegar til område med fritidsb			
KV nummer	Namn på veg:	Til-frå merknad:	Lengde (m):
KV 4610	Koppevegen	Frå siste gard før Høgstøylen - Høgstøyler	1060
KV 4610	Koppevegen	Frå hovudveg til nr 83 og 87	210
KV 10480	Åsevegen	Frå siste bebudde gard - ende på veg	275
KV 10400	Åmelfotvegen	Frå bebudd tun over brua til bebudd tun	252
KV 1920	Dalsbygdvegen	Frå siste bebudde hus til Hesteflotane	670
KV 1930	Dalsfjordvegen	Frå FV 5890 til kai i Dalsbygda	200
KV 9140	Stigen	Frå Idrettsplassen - ende på veg (Løndal)	1090
KV 9140	Stigen	Opp til garden Åsen	165
KV 5860	Mjeltvikvegen	Frå RV 651 - ende på veg	1550
KV 122	Veg til kai Høydal	Frå FV 5891 - kai området	77
KV 6470	Nedstevegen	Arm frå Nedstevegen - kai området	72
KV 8250	Skarevegen	Frå FV 5891 - Åslid	550
KV 10460	Årset	Frå gamle RV - ned til enden av veg	670
KV 8280	Skjeret	Frå E39	807
KV 3625	Hjartåbygdvegen	Frå bebudd gard Ervika - nr. 170	190
KV 3625	Hjartåbygdvegen	Frå bebudd gard Ervika - nr. 180	166
KV 7346	Notabreidsla	Frå bebudd hus - enden ved naust	105
KV 24	Spønebakken	Frå Nygard - ubebudd gard	535
KV 10020	Vikevegen	Gamlevegen frå FV 5891 - første bebudde	625
KV 22	Stridshaugen	Frå FV 5830 - Taraldset	274
Sum:			9543

Kart som syner den einskilde veg ligg vedlagt.

Vurdering og konklusjon:

Det er lagt politiske føringar for å redusere vegvedlikehaldet og eit av tiltaka i KS-analyse var å sjå på reduksjon av antal meter veg som ein hadde vedlikehald på . Vegbudsjettet er redusert med 1 million kroner i 2020, men ein har ikkje teke grep for å redusere antal meter veg med kommunalt vedlikehald.

Det er i dag om lag 178km kommunal veg i Volda. Etter denne reduksjonen, vil det vere om lag 16,85km kommunal veg i Volda. Sett i høve til samanliknande kommunar og folketal, ligg Volda framleis høgt i tal på km kommunal veg. Det er uklart kor stor innsparing vi oppnår, men ein har truleg eit potensial på mellom 70 – 150.000,- årleg innspart. Dette er allereie teke i kutt for driftsmidlar på veg.

Saka legg fram forslag til vegar som kan omklassifiserast etter dei retningslinene som er fremja, orientert og tidlegare godkjent politisk.
Før ein gjennomfører omklassifisering av vegparsellane rår ein til å sende saka på høyring.

Likestillingsmessige sider ved saka: lite/ingen
Konsekvensar for folkehelsa: Lite/ingen
Miljøkonsekvensar: ikkje utgreid
Økonomiske konsekvensar: innsparing er teken
Beredskapsmessige konsekvensar: lite/ingen
Konsekvensar for barn og unge: lite/ingen

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør